




MELAND KOMMUNE

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN



Dykkar ref.
Vår ref. LSB

Journalp.ID 14/949
ArkivsakID 14/6
Arkiv nr. N-701.2

Dato 24.01.2014

MELDING OM VEDTAK

OPPRETTING AV NYE DROSJELØYVE.

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

PLAN – UTBYGGING - KOMMUNALTEKNIKK

Lillian Straumøy Brakstad
Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent

Vedlegg

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	21.01.2014	ANB	005/14

Avgjerd av: Utval for drift og utvikling	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Anny Bastesen	ANB	N-701.2	14/6

OPPRETTING AV NYE DROSJELØYVE.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	19.12.2013	Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga	SØKNAD OM OPPRETNING AV 3 NYE DROSJELØYVE TILKNYTTA NORDHORDLAND TAXISENTRAL BA.

Vedlegg

Saksutgreiing:

Nordhordland Taxisentral SA har ved brev datert 13.11.2013 sendt søknad til Hordaland Fylkeskommune v/Samferdselsavdelinga om å få opprette 3 nye drosjeløyve. Samferdselsavdelinga har sendt søknaden over til kommunen for uttale, med høyringsfrist 24.01.2014.

Taxisentralen grunnjev søknaden med at det ikkje var søkjarar til dei to løyva som vart godkjent oppretta i 2012. Oppdragsmengden auker og taxisentralen har i lengre tid søkt å motivere fleire sjåførar til å satse på yrket. Dei meiner no at det er mogeleg å få fylt opp dei to løyva, og ber om at det i tillegg blir oppretta eit tredje nytt løyve.

Vurdering:

Høyringsbrevet m/vedlegg inneheld heller ikkje denne gongen opplysningar om talet på eksisterande løyve, fordeling/stasjonering, etterspørsel, ventetid osv. Det ville vere ein fordel om kommunen kunne få litt meir informasjon som grunnlag for høyringsuttalen. Administrasjonen meiner i alle høve at det er positivt med tiltak som betrer tilbodet for innbyggjarane.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling er positiv til tiltak som betrer tilbudet for innbyggjarane i kommunen og har ingen merknader til søknaden om oppretting av 3 nye drosjeløyve for Nordhordland Taxisentral SA.»

21.01.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU-005/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling er positiv til tiltak som betrer tilbudet for innbyggjarane i kommunen og har ingen merknader til søknaden om oppretting av 3 nye drosjeløyve for Nordhordland Taxisentral SA.»

Rett utskrift

Dato: 24.01.2014

Lillian Strømme Trakstad

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga